



Vår dato:

28.04.2021

Vår ref:

2019/12408

Dykkar dato:

19.03.2021

Dykkar ref:

21/9305

Hå kommune
Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Kontakt saksbehandlar
Helene Medhus Skedsmo, 51568821

Høyringssvar - offentleg ettersyn kommunedelplan landbruk 2021-2033 - Hå kommune

Me syner til brev av 19.03.21 der kommunedelplan for landbruk i Hå kommune vert send på høyring, med merknadsfrist 30.04.21. Vidare syner me til vårt svar til oppstartstaptopsel og planprogram av 06.03.20, samt regionalt planforum den 02.12.20 der landbruksplanen for Hå var meldt inn.

Hå kommune har på ein god måte klart å setje landbruket på dagsorden. Planen får fram landbruket si rolle i kommunen, kva landbruket bidreg med av positive funksjonar og arbeidsplassar med vidare. Planen set også lys på kva utfordringar det er innan landbrukssektoren, opp i mot omsyn som naturverdiar og miljøomsyn. Planforslaget syner koplingar frå viktige nasjonale føringar og FN sine bærekraftmål, via regionale føringar og til lokale delmål. Planen skal gje grunnlag for kommunen si sakshandsaming innanfor landbrukssektoren, samt gje ein samla oversikt over relevant, gjeldande regelverk innan sektoren. Me rår kommunen til å gå gjennom retningslinene som følger planen, då spesielt forma framstår som eit internt dokument for kommunen si eiga sakshandsaming etter ulike regelverk knytt til arealforvaltning og landbrukssektoren.

Lovgrunnlag

Ein tematisk kommunedelplan har heimel i plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd:

«*Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.*»

Det vil seie at reglane i plan- og bygningslova kap. 11 kring prosess, innhald mv. gjeld også for ein tematisk kommunedelplan. Hå kommune har hatt planprogram på høyring. Det er gjort greie for ein omfattande prosess kring medverknad frå næringa og bøndene sjølv, samt andre aktuelle høyringsinstansar. Planen har vore tema på regionalt planforum og no er den på offentleg høyring som siste ledd i prosessen etter plan- og bygningslova.



Innleiingsvis og om plandokumentet

Me vil rose Hå kommune for eit solid stykke arbeid. Plandokumentet er eit flott og godt dokument å lese, og det får fram viktige fakta om landbruket og landbruksnæringa i ein av dei viktigaste landbrukskommunane i Noreg. Det blir presentert utviklingstrekk og statistikk, peika på utfordringar og gjort kortfatta reie for den historiske utviklinga av landbruket i Hå. Me vurderer at planen set fokus på viktige og sentrale spørsmål og utfordringar landbruksnæringa står ovanfor framover. At det meste av landbruksrelatert regelverk blir sett i samanheng, og samla i ein plan gjer det føreseieleg for dei næringsaktørane som skal gjere tiltak av ulik karakter i landbruksområda.

Planen har eit handlingsprogram, jf. pbl. § 11-1, 4. ledd. Her er mål, strategi og tiltak for dei enkelte deltema samla opp. Dei er skrive i eit språk og i ein form som gjer det tydeleg for alle å forstå. Handlingsprogrammet skal etter pbl. § 11-1, 4. ledd reviderast årleg.

Planen har totalt 8 kapittel. Det er uklart om det skulle ha vore eit kapittel 9 og 10? I kapittel 11 er det laga retningsliner til planen. Det går fram av kap. 11 at det skal vere retningsliner for sakshandsaming for å sikre likebehandling, gje ei føreseieleg handsaming av enkeltsaker og slik effektivisere denne. Me vil komme nærmare tilbake med innspel til retningslinene seinare i uttalen.

Statsforvaltaren vil gje merknader til planforslaget ut i frå dei sektorinteressa me er satt til å ivareta tematisk i tråd med planforslaget si kapittelinnndeling under.

Framtidslandbruket , omdøme, kunnskap og tillit

Kommunen får på ein god måte fram bøndene si rolle som kunnskapsberarar og forvaltarar, og syner kor stolte dei er av dei driftige, kunnskapsrike og dyktige bøndene i kommunen. Det er spesielt fokus i kap. 4, men går att fleire stader og i mange kapittel. Me ønskjer å sitera frå s. 61 i planen:

«I tillegg til kunnskapsrike og kunnskapstørste bønder er Hå-landbruket sin største ressurs den gode matjorda. I Hå blir det produsert mykje mat på kvar arealeining, og kommunen bidreg sterkt til det nasjonale målet om auka matproduksjon.»

Like fullt kjem det fram av kap. 4 at det gjennom medverknadsprosessen har vorte avdekkat at ein del av bøndene ikkje opplever at kommunen framsnakkar bøndene.

Det vert i dette kapittelet peika på omdømmebygging, kommunikasjon og samhandling. Som eit tiltak skal det lagast ein kommunikasjonsstrategi i samarbeid mellom kommunen, landbruksnæringa, alliansepartnarar og kompetansenettverk. Vidare skal det leggjast til rette for kunnskapsheving og formidling av ny kunnskap og forsking som er relevant for utvikling og økonomi i landbruket i Hå. Det er positivt at kommunen vil ta ein slik aktiv rolle ovanfor ein av dei største næringane i kommunen sin. Statsforvaltaren er trekt fram som ein av alliansepartnarane, og me er positive til deltaking som kan fremje kunnskap og formidling av dei sektorinteressa me er satt til å ivareta. Det er likevel trøng for å merke at kommunen si rolle overfor bøndene, så vel som for andre næringsdrivande og innbyggjarar i kommunen, ikkje primært berre er å legge til rette for alt det er ønskjeleg å gjere. Kommunen har også ei viktig rolle som tilsynsorgan, forvalningsstyremakt, forureiningsmynde, samordnar av fleire motstridande interesse, med vidare.

Eit levande landskap

Kapitelet beskriv på ein god måte dei store verdiane i natur- og kulturlandskapet i Hå, og mål og satsingsfelt i forvaltninga av desse verdiane. Me ser i så måte at viktige tema i vår uttale av 06.03.20, så som klima, vasskvalitet, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturlandskap, blir gjort greie for.



I dette kapitelet er det både i plandokumentet og handlingsprogrammet eit mål om å få til ein felles «oppfatning mellom Statsforvaltaren og bøndene av kunnskapstilstanden om biologisk mangfold». Me gjer merksam på at kunnskap om artar og naturtypar er fagleg oppdatert til ei kvar tid av Artsdatabanken. Kunnskapen kjem på plass og blir revidert gjennom nasjonale kartleggingsprogram, samt i portalen Artsobs.no og ved andre planutgreiingar. Så vil me sjølv sagt vere interesserte i bøndene si viktige erfaringsbaserte kunnskap om naturverdiar på deira areal.

I kap. 5.2.4 gir plandokumentet ein god presentasjon om samanhengande leveområde. Slike overordna blå-grøne strukturar er særsviktig økologisk sett for både artar, naturtypar og i høve klimautvikling. Me saknar at dette blir konkretisert for oppfølging i forslag til kapittel 11 retningsliner og i handlingsprogrammet. Kartoversikt som synleggjer til dømes myrareal, udyrka naturbeite og viktige kantsoner langs vassdrag, vil kunne gje ein slik heilskapleg oversikt, gjerne med utgangspunkt i nedslagsfelt for vassdrag, og då med mål om å avgrense vidare fragmentering av samanhengande naturprega areal. Dette vil også kunne tene langsiktig førebygging mot flaum, og fremme friluftsliv-korridorer. Å ta utgangspunkt i nedslagsfelt for vassdrag vil kunne vere ei god tilnærming i så måte.

I kap. 5.5 om skogbruk og skogforvaltning saknar me ein omtale av utviklingstrekkja eller utfordringsbiletet på skogområdet som grunnlag for aktuelle tiltak – også klimadelen. I tillegg bør det stå litt om utfordringane med kapasitet og kompetanse, der Hå har vore ein av pådrivarane for å få på plass felles skogforvaltning. Med utgangspunkt i offisielle statistikk over hogst og planting i Hå, syner at det vert drive eit haustingsskogbruk utan at areala blir tilplanta med ny kvalitetsskog. Det betyr i praksis avskoging og nedbygging av skogressursane i kommunen. Mykje av dette skuldast omdisponeringar til jordbruksføremål. Sett frå skogbruket er ikkje dette ei berekraftig utvikling. For klima betyr dette at skogbruket i Hå bidrar til å auke utsleppa, motsett av dei politiske ambisjonane om å auke opptaket av CO₂ i skog. I ein svært intensivt utnytta jordbrukskommune får dei stadig minkande reststarea med skog også ein viktigare økologisk funksjon og ikkje minst for dyre- og friluftslivet generelt. Ein bør difor sjå på tiltak/avbøtande tiltak for å oppretthalde skogproduksjon, og kanskje i større grad ta vare på dei få reststarea som er att? Her vil det å stimulere til påskoging vere eit aktuelt tiltak for å kompensere for at høgproduktive areal går ut av skogproduksjon.

Me ser også at hogst av skogen lenge før han er hogstmoden er i utfording, jf. kontrollar av hogst. Dette er uheldig for det økonomiske utbytte, men og for klima ved at skogen vert hogd når opptaket av CO₂ er desidert størst. I tillegg vil riktig hogsttidspunkt auke kvaliteten på råstoffet slik at det i større grad kan brukast til varige produkt som gir desidert størst klimanytte.

Overordna føringar har over tid hatt, og har framleis, stort fokus på foryngingsplikta/oppfølging etter hogst/ressursoppbygging, inkludert ungskogpleie. Dette bør ha førsteprioritet på skogområdet.

Klimasmart landbruk

Hå kommune er ein av Noregs viktigaste husdyrkommunar og hovuddelen av klimagassutsleppa i kommunen kjem frå jordbrukssektoren. Utsleppa må sjåast i forhold til Hå sin rolle i den nasjonale matforsyninga. 2019-tal frå Miljødirektoratet si teneste for utslepp av klimagassar i kommunar syner at fordøyingsprosessar står for 53 prosent av CO₂-ekvivalentane, gjødselhandtering for 30 prosent og jordbruksareal for 17 prosent.

Det er bra at Hå fremtar klimasmart landbruk, og ser driftsstruktur og kortare transport som viktige element i arbeidet med å redusere klimagassutsleppa. Gjødselhandtering står som nemnd for om lag 30 prosent av klimagassutsleppa i jordbrukssektoren i Hå. Satsing på biogass er eit viktig grep, men me hadde sett at de i tillegg hadde tatt med mål om etablering av gjødsellager og tak



over gjødsellager (på gardsbruka). Bruk av miljøvenleg spreieteknologi for husdyrgjødsel er allereie utbreidd i Hå. Klimagevinsten ligg i redusert ammoniakktap og redusert behov for nitrogen frå mineralgjødsel. Dersom nitrogenet frå husdyrgjødsla og biorest ikkje blir verdsett/talfesta, utløyser det ikkje endra innkjøpsmønster. Innhausting av klimagevisten frå høgare utnytting av husdyrgjødsla ligg først og fremst til jordbruksnæringa sjølvé å ta tak i, men kommunen kan legge til rette for kunnskapsutveksling og ta det med i satsinga på biogass. Omgrepet «Landbruk» omfattar både skog og jordbruk. I tekstu, målu og strategiar omtaler de jordbruket. Me foreslår difor at de endrar namnet på kapittelet til klimasmart jordbruk.

Det vert teke opp nokre tema som rører ved tema «klimasmart landbruk» også under kapittel 8, som til dømes «God agronomi og klimagassutslepp», «Økologisk landbruk» og «Nydyrkning». I tiltaka under pkt. 5.3 er det føreslått at kommunen skal «opparbeide register for spreieareal og leigejord». Vidare står det i forslag til retningslinjer for forvaltning av driveplikta igjen at kommunen skal halde eit register over godkjende leigekontraktar mv. Det er positivt at kommunen ønskjer å ta ei meir aktiv rolle her enn det har vore til no rundt leigejordproblematikken. Jordlova § 8 legg opp til skriftlege leigekontraktar med 10 års varighet som skal sendast kommunen. Tematisk kunne dette temaet like gjerne hørt under kap. 8 om «Jord og areal» som under «Kjelder til forureining frå landbruket».

Næringsutvikling

Statsforvaltaren syns det er positivt at Hå kommune skal ta ei aktiv og initierande rolle for ei rekke tiltak under næringsutvikling i landbruket, som til dømes Inn på tunet, økologisk landbruk, grønsaksproduksjon og reduksjon av matsvinn.

I utviklinga av nye næringar er det naudsint å søkje kunnskap og samarbeid også over kommunegrensa. Forskings- og rådgjevingsmiljøet på Særheim i Klepp kommune er eit eksempel. Bruken av forskings- og rådgjevingsmiljøet vil styrke posisjonen deira, som igjen er ein fordel for landbruket i regionen og for bøndene og landbruksverksemda i Hå.

Som ein kommune med stor del kraftförbaserte produksjonar har Hå eit ansvar for å setje i gong tiltak for utvikling og bruken av meir proteinrikt fôr basert på norske råvarer.

Under kapittel 7.1 vil me nemna at det er fleire ordningar som kan vere aktuelle enn dei som er nemnd, til dømes Skape (kurs for etablerarar og anna kurs for grundere), VRI (innovasjon og forsking i næringslivet) og Regionale Forskningsfond Vestland.

Det er positivt at Hå kommune ser moglegheiter for næringsutvikling i arbeidet for å redusere matsvinn. Kommunen som innkjøper av mat kan ta ei rolle for å ta imot produkt som ikkje oppfyller kjedekrava.

Under kapittel 7.4 om honning bør det koma fram at Hå kommune ligg i reinavlsområde til den brune bia. Det inneber at det ikkje er tillate med andre bifolk enn brune bier. Jæren birøktarlag er eit medlemssterk og aktivt lag som held nybegynnarkurs og fagmøte med jamne mellomrom. Fast møtestad er Vitengarden på Nærbø. Det kan vere ein fordel å alliere seg med birøktarlaget for å auke interessa i birøkt.

Under kapittel 7.5.4 saknar me eit avsnitt om utmarksbasert reiseliv. Utmarksbasert reiseliv omfattar jakt og fiske, og spesielt laksefiske i Hå-elva er ein magnet for både kort- og langreiste turistar. Det ligg mykje potensial i å kombinere landbruksrelatert og utmarksbasert reiseliv. Jakttala under kapittel 5.5 syner at det kan vere potensiale for å nytte jakta som ein ressurs.



Delkapitelet om Inn på tunet kunne med fordel vore kalla «Inn på tunet og grøn omsorg». Me vil merke at det er Inn på tunet Sørlandet SA (ikkje Vestland slik det står i teksten) som er vår regionale medlemsbedrift. IPT Sørlandet SA er i fusjonsprosess med Inn på tunet Norge SA. Fusjonen vil bli gjennomført i løpet av sommaren. Under Inn på tunet Norge SA vil det bli oppretta underavdelingar og Rogaland vil høyrar til «Inn på tunet Norge, avdeling Agder og Rogaland».

Vidare treng ein ikkje å vere organisert i samdrift for å drive med eit godkjent Inn på tunet tilbod. I tillegg er det mogleg å tilby Grøn omsorg utan å ha det formelle «Inn på tunet»-kvalitetsstempellet, som Hå kommune også viser til på heimesida <https://www.ha.no/helse-og-sosial/arbeid-og-aktivitet/gron-omsorg/>. Det står heller ingenting i vegen for at også frukt-, bær- eller grønsaksprodusentar kan gje eit fullverdig IPT-tilbod.

Eit anna tema som kunne passe som eit underpunkt anten under kapittel 7, eller under kapittel 8.9 (grønsaker) er «andelslandbruk». Hå har fått sitt fyste andelslandbruk i 2021, Grønefed andelslandbruk på Ogna. Initiativtakaren, som også driv Ogna scene, ønskjer å knytte saman grønsaksdyrkning med kultur og reiseliv. Grønefed er eit av sju andelslandbruk i fylket.

Som eit tiltak under kapittel 7 har kommunen tatt inn eit punkt knyta til moglegheita for eit testkjøken for utvikling av nye produkt og etablering av eigna produksjonslokale. Til dette vil me merke at Kompetansenettverket Sør tilbyr rettleiing for lokalmatprodusentar og uttesting av oppskrifter og produkt på testkjøkken i Stavanger. Erfaringa syner at det er krevjande å oppretthalde eige testkjøkken.

Jord og areal

Kommunen reiser ei rekke viktige problemstillingar i dette kapittelet både kring nedbygging og vern av matjord, bruksrasjonaliseringar og eigedomsstruktur, landbruket sitt eige «arealforbruk» gjennom store driftsbygningar, økologisk landbruk og nydyrkning. Kommunen følgjer opp ein del av tema med tiltak spesifisert for 2021 som me forstår skal følgjast opp i komande kommuneplan-revisjon. Statsforvaltaren er samd i at fleire av problemstillingane som vert teke opp spesielt i dette kapittelet i temaplanen, best kan sikrast juridisk og formelt gjennom sjølve kommuneplanen med areadel og tilhøyrande arealformål, føresegner og retningsliner der.

At kommunen som plan- og landbruksstyresmakt tek opp viktige tema i landbruksplanen kring til dømes bruksrasjonaliseringar og kva trendar ein ser i eigen kommune tenker me er positivt. Å setje dette på dagsorden så vel administrativ som politisk litt utanom «enkeltsakene» kan gje gode diskusjonar som ein igjen kan nytte i sakshandsaminga. Det er det me opplev kommunen har gjort her, med dei beste intensjonar, når det kjem til dei vedlagde «*Prinsipper for behandling av konsesjonssaker*» og «*Prinsipper for behandling av fradelingssaker*» som har vore handsama i Utval for tekniske saker og næring den 28.01.21. Det er litt uklart i kva grad desse dokumenta er meint å vere på høyring. Me vurderer at koplinga mellom desse og kommunedelplanen er at deler av dokumenta er tekne inn i forslag til retningsliner i kap. 11. Det går fram av kommunedirektøren si innstilling kring delingssaker at «*Disse prinsippene skal danne grunnlag for det videre arbeidet med landbruksplanen og kommende kommuneplanrullering*». Av den grunn vil me ikkje kommentere desse to dokumenta i seg sjølv, ut over at dei står fram som retningsliner for sakshandsaminga i kommunen. Me minner om at kommunen ikkje kan lage reglar og fastsetje standardprisar med vidare som stirr i mot jordlov og konsesjonslov med tilhøyrande forskrift og rundskriv. Det å lage og publisere eit dokument med standardsatsar på god grønsaksjord med tilhøyrande formulering om eit rasjonaliseringstillegg på 50 %, vil etter vår vurdering gje feil forventningar til aktuelle seljarar av



landbrukseigedom, når det i realiteten skal gjerast heilt konkrete vurderingar både av jorda, produksjonsapparatet, avstandar mv i den enkelte sak.

Når det gjeld tema økologisk landbruk så vil me merke at tilgang på gjødsel ikkje er ei utfordring for bønder i Hå. I Rogaland har tal driftseiningar med økologisk drift auka frå 44 i 2015 til 67 i 2021 (tal frå Debio.no). Nokre har lite areal og ikkje alle søker produksjonstilskot. Også arealet som er godkjent for økologisk produksjon har auka, likevel på eit lågt nivå. Me vil oppmøde om at det vert satt eit kvantifisert mål for økologisk landbruk. Det er vår vurdering at eit målretta arbeid for auka del økologisk landbruk krev eit konkret, målbart tal.

Kommunen nemner sjølve i kapittel 8.9 at areala i Hå har unike føresetnader for grønsaksproduksjon. Å auke delen av norskproduserte grønsaker er ein viktig del av landbrukspolitikken og ein del av det grøne skiftet. Kommunen spør direkte i kapittel 8.11 kvifor landbruket i Hå ikkje valde å satse meir på grønsaksproduksjon som ikkje fører til nedbygging av areal (som kyllinghus og grisehus), men som utnyttar matjordressursen som er Hå sin naturgjevne fordel? Statsforvaltaren saknar meir konkrete tiltak enn formuleringar som «*leggje til rette for*» under kapittelet om grønsaker, til dømes analysearbeid, inspirasjonstiltak mv. Noko av dette er likevel nemnd under kapittel 4 om «Framtidslandbruket», men det kunne kome tydelegare fram.

Vidare kunne det under tema grønsaker vore omtala meir om behovet for nye produkt og produksjonsmetodar, ikkje berre til menneskemat, men og til dyrefôr. Dette vil skape verdiar basert på eigne ressursar, samstundes som det er meir berekraftig og reduserer importbehovet. Det kunne vore gitt ei kort oversikt over volum, tal produsentar, grossistar, marknadstilgang osb. Utfordringar kring grossistavtaler kunne vorte problematisert. Vidare kunne produksjonsutfordringar så som redusert tilgang til plantevernmiddel, lagerkapasitet, utvida sesong, høg grad av utanlandske arbeidskraft mv vore omtala. Verknaden og fortrinna til norske produkt og merkevarer, om det å byggje omdømme. Vidare kunne det vore konkretiserte tiltak rundt kommunen sine eigne innkjøp, altså å bruke eigne, kortreiste råvarer og produkt.

Nydyrkning er eit tema som kjem igjen fleire stader i kommunedelplanen, både som ei utfordring og som ein moglegheit. Hå kommune har over tid hatt eit ganske høgt tal på nydyrkingsstatistikken. I 2019 var det til dømes ifølgje KOSTRA-tal 49 nydyrkingsøknader, der 44 vart innvilga. 851 av dei 961 dekkar det vart søkt om vart innvilga. For 2020 var det 44 øknader gjeldande 505 dekar, der 42 øknader med tilhøyrande 480 dekar vart innvilga. Det går fram av planforslaget at snittet dei siste 10 åra er på 450 dekar årleg. Dersom ein held fram i same tempo vil potensialet ifølgje planen vere brukt opp etter 26 år, og deretter vil innmarksbeite bli redusert. Om 55 år vil det ikkje vere att korkje innmarksbeite eller areal for nydyrkning i Hå kommune. Etter vår vurdering seier det seg sjølve at ein ikkje kan halde fram i dette tempo. Kommunen må gjerne vere positiv til nydyrkning, men må samstundes ta omsyn til verdiar i natur- og kulturlandskapet etter nasjonale og regionale føringar, og etter gjeldande regelverk. Dess meir urørt areal som blir nydyrkta i Hå, jo høgare miljøverdi vil restareala få. Det ligg eit stort ansvar på Hå kommune å balansere graden av nydyrkning framover for òg å kunne ivareta verdfulle restareal, naturleg arts mangfald og halde ureining frå landbruksareal på eit avgrensa nivå. Kommunen har sett som eit tiltak at de skal utarbeide ei oversikt over reel tilgjengeleg dyrka jord i kommune. Etter vår vurdering bør det endrast til utarbeiding av ei oversikt over reel tilgjengeleg dyrkbar jord og verdfulle restareal som ikkje bør nydyrkast i kommunen. Ein må heller ikkje gløyme at dei gode beiteareala er ein verdfull ressurs i seg sjølv i ein kommune med 30 000 storfe og om lag 12 000 sauar, som alle har lovpålagt krav om utandørs beite.



Retningsliner

Kapittel 11 har overskrift «Retningsliner». Når ein bruker omgrepene retningsliner i ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova får ein lett assosiasjonar til dei føresegner og retningsliner som kan gis til arealføremål og omsynssoner, jf. pbl. §§ 11-8 – 11-11. Forma på dokumentet som utgjer kapittel 11 er likevel meir utfyllande enn det normalt er når det er tale om retningsliner etter plan- og bygningslova, og det går også fram av teksten innleiingsvis at det er ment som retningsliner for sakshandsaminga i kommunen. Det framstår litt uklart for oss kva dette dokumentet er ment som, av di det både inneholder moment som kan minne om retningsliner, men også vurderingskriterier for kommunen si interne vurdering og nokre stader også kommunalt gebyrregulativ. Også her ser me at kommunen har hatt dei beste intensjonar, om å samle informasjon om ein del regelverk og kva vurderingskriterier mv som vil bli vurdert ved ulike søknader.

Det følger for så vidt av pbl. § 11-8, 3. ledd bokstav c) at det kan gis retningsliner til omsynssoner innanfor LNF-områda i kommuneplanen. Men då krevst det ei kopling til arealdelen. Har kommunen ment det som at retningslinene er kopla til alt LNF-føremål i kommuneplanen? Det går vidare fram av same paragraf at det kan gis retningsliner om kva omsyn som skal vektleggast ved praktisering av anna lovgiving så langt kommunen er styresmakt etter vedkommande lov. Av rettleiaren for kommuneplanen av KMD, revidert no i april 2021, går det fram følgjande av kap. 4.4.9 om «Veilede retningslinjer»:

«Det kan knyttes veilede og mer uformelle retningslinjer til planen, som ikke er forankret i plan- og bygningsloven, som for eksempel i forbindelse med planbeskrivelsen. De vil gi ytterligere holdepunkter for hvordan enkeltsaker skal behandles med dekning i arealdelen. Slike retningslinjer brukes for å klargjøre

- hvordan det faktiske og det rettslige planinnholdet er å forstå
- hvordan planbestemmelsene kan påregnes praktisert
- kommunestyrets instruksjoner til politiske utvalg og administrasjon som skal følge opp planen

Retningslinjer er ikke juridisk bindende; de har bare veilede og informerende karakter. Retningslinjer må ikke være i strid med rettslig bindende bestemmelser. Avslag på søknader kan ikke begrunnes i retningslinjene.»

Kommunen vil ikkje ha høve til å gje retningsliner som lempar på dei vurderingane som skal gjerast etter korkje sektorlovvirk med tilhøyrande forskrifter, eller plan- og bygningslova. Retningslinene er på totalt 12 sider og me kan ikkje gå detaljert gjennom alle, men me presenterer eit døme knyt til retningsliner for nydyrkning:

I retningslinene (s. 7) og i handlingsprogrammet om nydyrkning, jf. også om masseylling, heiter det at ved dokumenterte verdiar skal ein vurdere tilpassing, avbøtande tiltak og vilkår. Det må tydeleggjera at vesentlege verdiar skal kunne innebere avslag på dyrking, jf. formålet med forskrifta. Dersom kommunen skal ha slike retningsliner i ein offentleg plan, som må seiast å kunne gje søkerane ei forventning om sakshandsaminga, må ei slik retningsline minimum formulerast slik:

«(...) Der tiltaket kjem i konflikt med natur- og miljøverdiar kan kommunen påleggja avbøtande tiltak, setja vilkår eller avslå søknaden.»

Av di retningslinene ikkje vil vere juridiske bindande og heller ikkje kan overstyre nasjonalt lovvirk innanfor sektorlovgivinga, vil me nøye oss med eit døme. Me vil oppmoda kommunen til ein gjennomgang av retningslinene, og sjå om kanskje ei betre løysing er å ha ei opplisting av kva tiltak



som vil krevje søknad (slik det er gjort i kapittel 5.4, og handlingsprogrammet, om søknadspliktige endringar i kulturlandskapet) og med rettleiing om lovverk og kvar ein kan finne søknadsskjema eller korleis ein kan gå fram for å fremja ein søknad. Det å ha retningsliner til ein temaplan etter plan- og bygningslova som er så konkret at det gjer inntrykk av at all god grønsaksjord skal kunne seljast for 18 000 kr/dekar, jf. retningslinene på s. 12, blir etter vår vurdering feil. Deler av retningslinene høyrer betre heime som interne sakshandsamingsrutinar, og ikkje som føringar som blir kommunisert ut og gjer klåre forventningar til ein kvar søker om utfallet i ei sak som krev heilt individuelle og konkrete vurderingar etter sektorlovar.

Avslutning

Me vil igjen rose Hå kommune for verkeleg å setje landbruket på dagsorden, med alle dei moglegheiter og utfordringar landbruket i kommunen står ovanfor framover. Planen er eit godt dokument kommunen kan vere stolt av, og med nokre justeringar etter høyringsrunden vil han bli ennå betre.

Me ønskjer kommune lukke til med siste innsput, og ikkje minst med oppfølging av mange gode tiltak frå handlingsprogrammet i tida framover.

Vidare ser me fram til ein konstruktiv kommuneplanprosess det neste året og to, der me har eit felles mål om å få inn gode, juridisk bindande arealavklaringar, føresegner og retningsliner som følgjer opp fleire av dei tema kommunen har tatt opp som viktige tema i denne landbruksplanen.

Om det er behov for nokre avklaringar innanfor tema der Statsforvaltaren har sektoransvar, er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

Anfinn Rosnes
fung. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger